

Systromd Sogelag

Årsmøte for 2015 i Amtsstova på Fylkesmannsgarden den 30.3.2016

Det var 5 frammøtte: Kjell Arne Valvik, Kjerstin Risnes, Sigrun Espe, Marit Velle og Bjørn Sølsnes.

Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjend.

Sak 2 Årsmelding

Årsmeldinga vart godkjent

Sak 3 Årsrekneskap 2015

Rekneskapet er førd av Laura Kvamme sitt rekneskapskontor i Fjærland. Laget sin valde revisor for året, Anna Hamre døydde på tidleg haust 2015 og rekneskapsførar Magnar Fredheim har teke på seg revisorarbeidet i dei to åra Anna var vald for. Rekneskapet er revidert og syner eit overskot på kr.15.510. Laget har eigenkapital pr. 31.12.2015 på kr. 236.004.

Årsmøtet godkjende rekneskapet.

Sak 4 Val

Kolbjørn Nord frå valnemnda hadde ikkje høve til å møte og hadde sendt inn deira forslag som vart framlagt av leiaren.

Knut Henning Grepstad, Sigrun Espe og varamedlem Marit Velle var på val. Marit Velle hadde trekt seg, men dei to andre har sagt ja til å vere med vidare.

Knut Henning Grepstad og Sigrun Espe vart samrøystes valde for 2 år.

Som ny 1. varamedlem vart det lagt fram forslag om Kathrine Røkke Wilson. Ho vart samrøystes vald.

Ny valnemnd: Per Holen og Bjørn Sølsnes. Desse vart samrøystes valde for 2 år.

Styret vert såleis samansett slik for 2016:

Leiar:	Kjell Arne Valvik	1 år
Styremedlemer:	Kjerstin Risnes	1 år
	Knut Henning Grepstad	2 år
	Sigrun Espe	2 år
	Marit Anita Skrede	1 år
Varamedlemer:	1. Kathrine Røkke Wilson	2 år

	2. Bodil Andersen Strand	1 år
	3. Jan Reidar Njøs	1 år
Revisor:	Magnar Fredheim	1 år
Valnemnd:	Per Holen	2 år
	Bjørn Sølsnes	2 år

Styret vel sjøl nestleiar og sekretær.

Årsmøtet ønskjer at 1. varamedlem møter fast i styremøte.

Ymse

Etter dei ordinære årsmøtesakene vart det noko diskusjon om arbeidet framover.

- Kulturminneplanen må jobbast vidare med i 2016 og 2017. **Ansvar alle involverte.**
- Lage strategi for utarbeiding og finansiering av ny bygdebok for Leikanger. **Ansvar styret.**
- Lage årsplan. **Ansvar Sigrun Espe**, som får med seg ei arbeidsgruppe på dette.

I tillegg er det mange pågåande oppgåver nemnd i årsmeldinga.

Leikanger, 31. mars 2016

Marit Velle
referent